



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
19/105323-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
04.06.2019

Uttale til dispensasjonssøknad – Gnr. 5 bnr. 83 og 84 – Fløksand – Meland kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå LNF-formål for eigedom gnr. 5 bnr. 83 og 84 i Meland kommune. Søknaden gjeld bustadbygging på eigedomene.

Planstatus og tilkomst til eigedomene

Eigedomane ligg i område regulert til landbruk-, natur- og friluftsområde i Kommuneplanens arealdel. Dei omsøkte eigedomene har tilkomst via privat veg til kommunal veg Fløksand. Det er difor Meland kommune som skal vurdere avkøyrsløyve for eigedomane.

I nærområdet er det ei blanding av fritidseigedomer og bustadhus, som kan indikere at området er i endring til bustadområde. I dispensasjonsvurderinga må ein difor at høgde for at det kan kome fleire tilsvarande saker i området, slik at saka kan skape presedens.

I samband med dispensasjonsvurderinga må ein vurdere om tilhøvet til transportnettet er avklart. I den samanheng må ein óg vurdere om krysset mellom kommunal veg Fløksand og fv. 564 Rosslandsvegen er dimensjonert for vidare trafikkauke. Statens vegvesen har ikkje vore på synfaring i saka, men basert på kart og vegbilder verkar det å vere dårlege siktilhøve i krysset. Det er i tillegg uklart om dei geometriske tilhøva er i orden.

God sikt er avgjerande for å ivareta trygg ferdsel på vegnettet, og det er difor uheldig med auka trafikk i kryss med dårleg sikt. Bilete viser at det er satt opp speil i kryssområdet for å betre sikt mot venstre. Det er uklart om oppsetting av speilet er avklart med Statens vegvesen. Generelt er vi negativ til å nytte speil som tiltak for betra sikt, mellom anna fordi

speil gir et fortegnnet bilde og det kan ta tid å forstå det. Det kan også komme ut av stilling, samt at det kan vere dugg eller is på det som gjer det vanskelig å få nytte av det. Sikt bør difor sikrast på tradisjonelt vis ved frie siktlinjer i kryssområdet.



Konklusjon

Statens vegvesen er kritisk til ei dispensasjon frå arealformål utan at tilhøvet til transportnettet er avklart, inkludert tilkomst til overordna vegnett. Etter vår vurdering må tilhøva i kryssområdet gjerast greie for før ein kan ta stilling til dispensasjonssøknaden. Vi finn difor at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Skulstad Marianne
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.